Arkivkode: K46
Saksnr.: 2026/3113-4
Sakshands.: Turid Opsund
Dato: 15.10.2026

Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Fastsetjing av lokal forskrift om opning for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel ved jakt på hjort i ope lende

Vedlegg

1 Forskrift om bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel ved jakt på hjort i Vinje
2 Høyringsinnspel frå Kristian Versto
3 Høyringsinnspel frå Nore og Uvdal kommune
4 Høyringsinnspel frå NOAH

Dokument i saka

Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven).

Bakgrunn

Ny viltressurslov tok til å gjelde 1. juli 2026. Etter lova er bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel forbode som hovudregel under jakt. Samstundes er det opna for at kommunane kan fastsetje lokal forskrift som tillèt slik bruk ved jakt på hjort når dette er grunngjeve i behov for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik. Bruken skal avgrensast til jakt i ope terreng.

Vinje kommune har sendt forslag til lokal forskrift på høyring med bakgrunn i at termiske og restlysforsterkande siktemiddel kan vere eit nyttig verkemiddel for å oppnå ønskt avskyting og sikre ei berekraftig forvaltning av hjortebestanden.

Fristen for merknader var 14.10.2026, det kom inn 3 merknader som ligg vedlagt.

Då Stortinget vedtok ny viltressurslov, valde ein å innføre eit generelt forbod mot termiske og restlysforsterkande siktemiddel. Dette var mellom anna grunngjeve med at den teknologiske utviklinga hadde gått raskare enn regelverket, og at lovverket frå 1981 ikkje var tilpassa

moderne nattoptisk teknologi. Eit generelt forbod vart vurdert som det mest føreseielege utgangspunktet, med moglegheit for særskilde unntak der det er forvaltningsmessige behov.

Eit viktig omsyn bak forbodet er jaktetikken. Termiske og restlysforsterkande siktemiddel gjev jegeren vesentleg betre høve til å oppdage og felle dyr under lysforhold der viltet tradisjonelt har hatt eit visst vern. Dette utfordrar prinsippet om at jakt skal skje på ein måte som tek omsyn til balansen mellom jeger og vilt.

Det har også vore peika på at slik teknologi kan auke jaktpresset og effektiviteten i jakta i større grad enn det som er ønskjeleg ut frå ordinære bestandsomsyn. Vidare har omsynet til allmenn aksept for jakt vore tillagt vekt i debatten kring regulering av avanserte teknologiske hjelpemiddel under jakt.

Samtidig som hovudregelen vart skjerpa, vart det peika på at fleire område i landet har utfordringar knytt til store og aukande hjortebestandar. Høg bestandstettleik kan medføre beiteskadar på jord- og skogbruk, auka risiko for viltpåkjørsler og utfordringar med å nå lokale bestandsmål. På denne bakgrunnen fekk kommunane høve til å fastsetje lokale forskrifter der bruk av slike siktemiddel kan vere eit nødvendig verkemiddel for å oppnå tilstrekkeleg avskyting.

Stortinget understreka òg under behandlinga av viltressurslova at det framleis skulle vere mogleg å opne for bruk av termiske siktemiddel ved hjortejakt gjennom forskrift. Dette reflekterer ei avveging mellom jaktetiske omsyn og behovet for ei effektiv hjorteviltforvaltning.

Vurdering

Vinje kommune har ansvar for å forvalte hjortebestanden slik at ein oppnår berekraftige bestandsnivå og reduserer eventuelle negative konsekvensar for landbruk, skog, trafikktryggleik og andre natur- og samfunnsinteresser.

Administrasjonen vurderer at termiske og restlysforsterkande siktemiddel kan bidra til:

- meir effektiv avskyting og tryggare jaktutøving
- betre måloppnåing i den kommunale hjorteviltforvaltninga,
- redusert risiko for at vedtekne fellingskvotar ikkje vert fylte,
- meir presis identifisering av dyr før skot vert løyst.

Samtidig må desse fordelane vegast opp mot omsyna som ligg bak det nasjonale forbodet. Kommunen må derfor vurdere om behovet for eit slikt verkemiddel er tilstrekkeleg stort til å forsvare eit unntak frå hovudregelen.

Etter administrasjonen si vurdering er lovgjevaren si føresetnad nettopp at kommunane skal kunne gjere slike lokale vurderingar. Forskrifta inneber ikkje ei generell opning for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel, men ei avgrensa opning for hjortejakt i ope terreng, slik det er lagt opp til i nasjonalt regelverk.

Hjortestamma er aukande i Vinje. Horten er ein klimavinnar og er i vekst i store delar av landet. Det er viktig å forvalte hjortestamma på ein måte som held den på eit berekraftig nivå. Fleire stadar er det synt at hjorten kan fortrenge elg dersom stamma blir for stor . Det er heller ikkje ynskjeleg at hjorten bevegar seg opp mot villreinområda.

Mange meiner at bruk av termiske siktemidler er ein trussel mot forvaltninga av hjort. Forvaltninga av hjort vert styrt av kvotene som er sett, og ikkje teknologien som vert nytta.

Det er i Vinje meldt om stadvis store skader i form av beiting på dyrka mark, beiting på rundballar (flokkar på over 30 dyr som samlar seg og øydelegg rundballar). Det er og meldt om aukande problem med beiteskader på skog. Administrasjonen har sjølv observert dette ved resultatkartlegging etter hogst.

Administrasjonen meiner det er viktig å setje inn gode tiltak no som bestanden er i vekst for å klare å halde den på eit nivå som er berekraftig. Det blir vurdert at fordelane for den lokale hjorteviltforvaltninga veg tyngre enn ulempene i denne saka, og tilrår at forskrifta vert vedteken.

Konklusjon
Administrasjonen vurderer at lokal forskrift om bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel ved jakt på hjort er i samsvar med føremålet i viltressurslova og vil kunne vere eit tenleg verkemiddel for å nå måla i hjorteviltforvaltninga i Vinje kommune. Det vert tilrådd at forskrifta vert vedteken.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Med heimel i § 26 i viltressurslova vedtek Vinje kommune lokal forskrift om opning for bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel ved jakt på hjort i Vinje kommune.

Forskrifta vert fastsett slik ho ligg føre i høyringsutkastet.